



KANDIDAT

**9217**

PRØVE

**NO-156 1 Norsk for barnetrinnet 2**

Emnekode	NO-156
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	03.12.2018 09:00
Sluttid	03.12.2018 15:00
Sensurfrist	28.12.2018 00:59
PDF opprettet	29.11.2019 14:24
Opprettet av	Digital Eksamen

**NO-156, generell informasjon****Emnekode:** NO-156**Emnenavn:** Norsk for barnetrinnet 2**Dato:** 03.12.18**Varighet:** 6 timer**Tillatte hjelpemidler:** Ingen**Målform:** Nynorsk**Merknader:** Studenten skal svare på oppgave 1 (teller 1/3) og enten oppgave 2a eller 2b (teller 2/3). Begge oppgavesvara må være tilfredsstillende.

-----

Det forekommer av og til spørsmål om bruk av eksamensbesvarelser til undervisnings- og læringsformål. Universitetet trenger kandidatens tillatelse til at besvarelsen kan benyttes til dette. Besvarelsen vil være anonym.

**Tillater du at din eksamensbesvarelse blir brukt til slikt formål?****Velg et alternativ** Ja Nei

Besvart.

**1 Oppgave 1****Oppgave 1****Kort svar (teller 1/3)****Valgfrihet og normering**

Valgfrihet er et sentralt normeringsprinsipp i norsk. Grei kort ut om dette prinsippet og om hvordan valgfriheten kommer til uttrykk i bokmål. Illustrer utgreiinga med egne eksempler. Ta gjerne utgangspunkt i tekstvedlegget «Åssen går det med radikalt bokmål?».

**Skriv ditt svar her...**

I denne teksten skal eg sei litt om tilnærming og valprinsippet i det norske språket. Og for at det skal gi meining, skal eg også definere nokre omgrep og sei litt om normeringshistoria i Noreg. Vidare skal eg sei litt om korleis valfridomen kjem til uttrykk i bokmål, der eg skal vise til fleire eksempel. Gjennom teksten kjem eg til å ta utgangspunkt i ein tekst fra språkrådet, *Åssen går det med radikalt bokmål?*

Ein norm kan definerast som ein regel, og dimed er normeringa veien fram til regelen er fastsatt. Normeringa tek utgangspunkt i rettskrivinga,

altså korleis vi skriv orda. Tekstnivået, setningsnivået og ordnivået har inga fast lovgivnad, men det vert stilt forventningar til dei. Når det gjeld korleis lovane blir vedteke er det myndigheitane som har kontrollen over det. Det er kulturdepartementet som utviklar lovane, men det er stortinget som vedtek dei. I tillegg er det språkrådet, som er tek imot spørsmål, men dei kan også kome med forslag. Grunnen til at det vart reglar for korleis ein skriv ord, er historisk sett på grunn av boktrykkarane. Dei ynskjet eit fastsatt skriftspråk som dei kunne bruke i boktrykkinga. I tillegg var det viktig for Noreg som nasjon å få eit eiga skriftspråk. Fram til 1905 brukte dei det danske skriftspråket. Og så vart det utvikla to skriftspråk. Eit som blei utvikla frå det danske skriftspråket av Knud Knudsen og eit som vart laga av ein innsamling av dei forkjellige dialektane i Noreg. Det var Ivar Aasen som gjorde det.

I det norske språket tek ein utgangpunkt i normeringsprinsippa når ein vedteke lover i skriftspråket. Det finst mange dei må ta omsyn til. Blant anna ortofoniprinsippet som gjeng ut på at orda skal vere lydrette, altså at bokstavane skal stemme overens med lydane i ordet. Og så er det etymologiprinsippet, der ein må ta hensyn til dei eldre formene av ordet. I tillegg har vi det eintydige morfologiske prinsippet, fleirtalsprinsippet, prestisjeprinsippet og ususprinsippet. Så er det prinsippet om valfridom, som er utgangspunktet for denne oppgåva. Den gjeng ut på at det skal vere valfridom i skriftspråket. Fram til midten av 1900-talet var det viktig for mange å tilnærme bokmål og nynorsk. Målet var at dei etter kvart skulle smeltast saman til eit språk, nemleg samnorsk. Slik gjekk det ikkje, ettersom det kuttet mange valfridomar og dei drog lengre og lengre frå kvarandre. I 2002 blei dei to separerte skriftspråk. Likevel er det mange valfridomar i skriftspråket nå.

I den nye normeringa av bokmål, vart det nokre valfridomar. Nokre av hovudpunkta var at hovudformar og sideformar blei likestilt, og nokre ord som blei mykje brukt blei lagt til. Det var også nokre ord som blei fjerna frå norma fordi dei blei for lite brukt. I substantiv kan for eksempel alle hokjønnsord verte hankjønnsord. Det er noko dei tek nytte

av i Bergen, der dei berre bruker hannkjønnsord. I tillegg finst det fleire varianter av bøying i fleire ord. Språkrådet kjem med fleire eksempel i teksta *Åssen går det med radikalt bokmål?*, der Kjersti Wictorsen Kola skriv; "Vi kan ofte velge mellom to varianter, for eksempel jorda og jorden, orda og ordene, snakka og snakket, sjøl og selv." Her ser vi eksempler fra fleire ordklassar, både verb, substantiv og pronomer. Etersom det norske språket har vorte meir globalisert, har vi også fått ein del importord. Fleire av desse har fleire moglege skrivemåtar. For eksempel juice, kan også skrivast jus, eller ketchup som kan skrivast ketsjup.

Det at vi har valfridom i bokmål gir ein stor variasjon i korleis ein kan skrive. Likevel er det enkelte ord som vert av allmenn oppfatning oppfatta som ein riktig skrivemåte. Eg synes det er greit å ha litt valfridom i språket, men det kan også verte forvirrande nokre gangar.

---

Besvart.

## 2 Oppgave 2

### Oppgave 2 - Du skal svare på ei oppgave Langsvar (teller 2/3)

Enten

#### A) Elevtekst

Grei ut om sterke og svake sider ved den vedlagte elevteksten «Den farlige fisketuren», der du viser til relevante eksempler fra elevteksten.

eller

#### B) Skriveopplæring


Ta utgangspunkt i *Skrivetrekanter* (Smidt 2010). Forklar hva modellen fokuserer på og grei ut om hvordan du vil ta hensyn til dette når du skal planlegge skrivesituasjoner på mellomtrinnet. Legg særlig vekt på hvordan arbeid med *modelltekster* og *skriverammer* kan relateres til dette arbeidet.

Skriv ditt svar her...

# Oppgave B: Skriveopplæring

I denne teksten ska eg forklare og sjå nærare på den didaktiske skrivetrekanten, der eg skal sei litt om korleis eg ville ha teke hensyn til det i planlegging til skrivestuasjonar på mellomtrinnet. Eg skal også sei litt om korleis arbeid med modelltekstar og skriverammer kan relateres til forarbeidet til timen. I tillegg skal eg gjennom teksten knytte til andre relevante teoriar.

I planlegging av skriving i klasserommet er det ekstremt viktig å leggje vekt på tre punkt; kva? kvifor? og korleis? Dei tre punkta finn ein i skrivetrekanten (smidt 2010), som er utgangspunktet for denne teksten. Kva er det eleven skal skrive? Kvifor skal eleven skrive denne teksten? Og korleis skal han gjer det? Vidare kjem eg til å forklare og gå meir djupare inn i omgrepa.



Kva skal elevane skrive om? Det er eit viktig, om ikkje det viktigaste elementet i planlegginga av skrivinga. Viss ikkje eleven har noko å skrive om eller inspirasjon, vil det ikkje bli ein tekst. Målet er å gi elevane inspirasjon til å skrive. Da tenkjer eg at det er lurt å spele på følelsane til eleven. Vis dei eit bilete av ein gjenstand eller eit sted, eller spel av ein lyd når dei skriv. Ein kan også gå ein tur og verte inspirert av

naturen eller andre opplevingar. Eller sjå ein film som dei kan hente inspirasjon frå. I praksis hadde vi ein aktivitet med forteljarkort, der dei skulle arbeide i grupper for å lage ein felles forteljing, og seinare skulle dei skrive si eiga forteljing. Det var ein aktivitet som dei henta mykje inspirasjon frå, og fleire av elvane fekk fylt ut fleire sider i boka si. I planlegginga med kva innhaldet i tekstane til elevane skal vere, ville eg fokusert på kva som vil gi elevane inspirasjon og lyst til å skrive ein tekst. Det å ha kjennskap til elevane er difor viktig, ettersom ein da vil kjenne til kva dei har interesse for og kva som skal til for å vekke motivasjonen deira.

Kva er føremålet med skrivinga? For elevane er det viktig å vite kvifor dei skriv tekstane. Det vil vere med på å gi ein meining til skrivinga og det dei skriv om. Her er det fleire spørsmål ein kan stille; kven er mottakaren av teksten? Er det læraren, ein annen elev eller ein fantasifigur (det kan gi motivasjon å skrive til ein dei ikkje kjennar fysisk)? Korleis skal teksten vurderast og kven skal vurdere? Er det vurdering for læring eller av læring? Skriv ein for å lære (tenkjeskriving) eller for å lære å skrive (presentasjonsskriving)? Alle spørsmåla er relevante for å gi teksten eit føremål. I planlegginga ville eg fokusert på kva form dei lærer mest av og kva dei vil få mest utnytte av.

Korleis skal dei skrive teksten? I dette hjørnet av trekanten er det viktig å vere tydeleg og vise til klare eksempel. Ein relevant modell å trekkje inn her er skrivhjulet som viser forholdet mellom skrivehandling og føremål med skrivinga. Det er eit hjul som kan bevege på seg, og den får fram at skrivinga ikkje er statisk. Ved å bruke skrivhjulet i undervisninga, får ein tilgang til å skrive mangfaldige typar tekstar. Det er nettopp det skrivekompetansen går ut på, det at ein kan bruke ulike skrivehandlingar tilpassa dei ulike føremåla. I skrivhjulet finn ein skrivehandlingane; å samhandle, å overtyde, å beskrive, å reflektere og å sjå for seg. Til dei er det ulike føremål som høyrer til alle. Føremåla er; å veksle informasjon, påverke, organisere kunnskap, gi ein egenvurdering og å skape ein ny verda. Eit eksempel er å skrive ein tekst i naturfag der ein skal beskrive

noko ute i naturen, og føremålet er å organisere kunnskapen. Derimot viss ein byttar ut det føremålet med føremålet å påverke, vil det bli ein helt annan tekst. I tillegg vil det å skrive ein tekst vil variere fra fag til fag. I naturfag vil tekstane vere fyllt med mange fagomgrep, mens i religion er tekstane skriven for å reflektere. Med skrivehjulet kan ein variere.

Når det gjeld skrivestuasjonen til elevane, der dei vil vite korleis dei kan skrive teksten, kan vere lurt å benytte seg av skriverammen.

Skriverammen er eit viktig hjelpemiddel i utviklinga av skrivinga og er mykje brukt i skulen. Når elevane får ein skriveramme kan det hjelpe dei å huske korleis teksten er bygd opp og kva som er viktige trekk for sjangaren. Eit eksempel på ein skriveramme til ein argumenterende tekst:

- Innleiing av teksten med ein påstand:
- Argument 1:
- Argument 2:
- Argument 3:
- Konklusjon:

Sjangre har ofte ein tydeleg oppbyggingsstruktur, og kan være nyttige for eleven å følgje. Ved å få dei ulike partiane i teksten, vil eleven henge med og få ein fullverdig tekst. Hvis dei ikke hadde hatt den, ville dei kanskje vore forvirra med kva som kjem først i teksten og korleis teksta er strukturert. Skriverammen er med på å byggje opp eit stilas for eleven, og er med på å gi støtte til han eller ho utan ein direkte interaksjon med dei.

Å byggje eit stilas rundt skrivinga er viktig å tenkje på i planlegginga og under skrivinga. Det kan trekkast inn i alle hjørna i skrivetrekanten, spesielt kva og korleis. Stilaset er med på å støtte elevane si skriving og på å utvikle dei til betre skrivare. Psykologen Vygotski si teori om den næraste utviklingssonen kan koplas til stilasbygginga. Den seier at eleven lærer best i interaksjon med andre som er meir kompetente. Sylvia Read bygger vidare på dette ved å utvikle ein prosessorientert stilasbygging.



Den fokuserer på handlingane før den sjølvstendige skrivningen byrjar. Det starter med emnehjelp der læraren presenterer kva dei skal skrive om. Her kan ein byggje på følelsene til eleven og prøve å inspirere dei. Presente eit emne med powerpoint, sjå ein film, vise eit bilete og å oppleve noko er berre nokre eksempla. Vidare kjem modellering, der læraren viser med eksempel korleis dei kan skrive teksten. Eksempel på det kan vere å presentere høgt foran klassen korleis ein sjølv ville tenkt i skrivesituasjonen eller ved å vise ein modelltekst. Modellteksten kan vere med å gi elevane inspirasjon i korleis dei kan skrive teksten og kva dei kan skrive om. Som lærar må ein velje teksten ut i frå sjanger, komposisjon og innhald. Det er også viktig å tenkje på alderen til forfattaren av modellteksten. Viss forfattaren er gjemngamal med elevane, vil dei føle meir identifikasjon med teksten, og kanskje tenkje at viss den eleven som har skrive den teksten er like gamal som meg, så kan eg også klare det. Neste prosess i Sylvia Read si modell er utforsking, og den går ut på at eleven og læraren utforskar saman. Det kan setje igang diskusjonar og tankeprosessar hos begge partar. Prosessen går vidare til samskriving, der elevane(to og to)skriv saman. Meininga med det er at dei kan lære av kvarandre. Og viss vi trekk Vygotski sin teori inn, ser vi at dei kan vere kvarandres kompetente andre. Det kan også komme an på om læraren har valt dei riktige gruppene. Til slutt kjem den sjølvstendige skrivinga, der eleven skal skrive si eiga tekst. Da kan han eller hun hente kunnskap og inspirasjon fra dei tidlegare prosessane.

Avslutningsvis vil eg sei at det er mykje å tenkje på i ei planlegging av skriving, men det er speiselt tre punkt som ein må vere ekstra oppmerksam mot. Det er å gi elevane noe å skrive om, gi dei eit føremål med skrivinga og til slutt gi dei ein tydleg skriveramme. Når ein som lærar har tenkt gjennom dei, vil det vere med på å gi eit stilas i skrivinga til elevane og hjelpe dei å utviklast som skrivare.



